



## Rogaland Sau og Geit

### ***Vårhelsing frå Rogaland Sau og Geit, april 2014***

Til lokallaga i Rogaland.

Våren er komen til Rogaland, og for oss sauebønder er det ei travel og kjekk tid. Økonomien har auka betrakteleg dei siste åra, og det gir pågangsmot og arbeidsglede å vita at det vert betalt for nattevaking og tilsyn. Har du tenkt over kva du tenar pr. sau?

Sauekontrollen er eit glimrande verktøy som er til hjelp og nytte for kvar enkel sitt opplegg. Den er absolutt til nytte når det gjeld økonomi i produksjonen, og grunnlag for diskusjonar i lokallaga eventuelt nabomøter.

RSG er aktive med mange prosjekt. Fotråteprosjektet skulle avsluttast, men vert bestemt å fortsetja fordi det vart utbrot i Aust-Agder. Ægdingane er imponert over hjelpa som dei har fått frå Rogalendingane og kompetansen me har.

Auka bruk av heibeite,- håper prosjektet gir resultat, og NSG sitt innspel til Jordbruksforhandlingane vil auka tilskot til beitebruk.

Jordbruksoppgjør? Med eit marked i underbalanse på lammekjøtt bør det bli eit løft på økonomien for både store og små produsentar. Sylvi Listhaug uttaler seg stadig om «å forenkle systemet på tilskot», me er i utgangspunktet positive!!

Vêrlam og slakt av desse frå november til ut i februar har skapt meiningsytringar. Klassifisørane ser ikkje alltid dette, men har du fått servert lam med vêrsmak ein gong, så er det kanskje slutt på lammemiddagar for framtida i den heimen. Derfor bør me alle ta ansvar. Ei nemnd skal sjå på dette og det blir truleg ingen endring dette året.

RSG skal ha det årlege møte med Mattilsynet 28.mai og lokallaga kan kome med innspel til saker me skal ta opp saman med dei.

Medlemsverving kan gjerast på [www.nsg.no](http://www.nsg.no)

Ha ein strålande vår og lukke til i lemminga.

Med helsing  
Styret i Rogaland Sau og Geit